

## **EG BUR PÅ HYBEL - KAN EG FÅ DEKKA HEIMREISER I HELGANE?**

Nei - den fylkeskommunale skuleskyssordninga dekkjer berre dagleg skyss mellom bustad og skule.

## **EG UTDANNAR MEG I EIT ANNA FYLKE, KVA GJER EG MED OMSYN TIL SKULESKYSS?**

Dersom du er heimehøyrande i Sogn og Fjordane og tek utdanning i anna fylke kan du under visse føresetnadar få dekkja utgifter til dagleg skyss mellom bustad og skule. Ta kontakt med skulen så snart skuleåret tek til for å få søknadsskjema og ei orientering om reglane.

Du må søkje og få godkjenning frå Sogn og Fjordane fylkeskommune for å få godtgjering.

Søknadsfristen er 1. september.

## **KVA GJER EG MED OMSYN TIL SKULESKYSS NÅR EG ER HEIMEHØYRANDE I EIT ANNA FYLKE?**

Er du heimehøyrande i eit anna fylke, må du søkje heimfylket om skyssgodtgjersle.

## **MEIR INFORMASJON OM SKULESKYSS**

Reglement og meir informasjon om skuleskyssen får du på skulen eller ved å kontakte:

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Askedalen 2  
6863 Leikanger


Tlf: 57 65 62 43  
[oddveig.hove@sfj.no](mailto:oddveig.hove@sfj.no)



**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

## **SKULESKYSS**

### **VIDAREGÅANDE SKULE I SOGN OG FJORDANE**



### **GJELDANDE FRÅ SKULEÅRET 2007/2008**

Ta vare på faldaren!  
Her finn du informasjon om mellom anna:

- ⇒ Skyss mellom bustad og skule
- ⇒ Skyss i samband med utplassering
- ⇒ Spesialskyss ved funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom
- ⇒ Skyss utanom ordinær skuletid, ny prøveordning med fleksibel skuleskyss



## HAR EG RETT PÅ SKULESKYSS?

Ja, dersom du er heimehøyrande i fylket, tek utdanning på vidaregåande skule og fyller eitt av desse krava:

1. Har ein gangavstand på 6 km eller meir frå bustad til skule, eventuelt 4 km frå bustad til skyssmiddel, kortaste gangbare veg.
2. Er funksjonshemma/skada/sjuk og har attest frå lege om at du treng skyss.
3. Må reise med båt.

NB! Dersom du er lærling eller får løn under utdanning har du ikkje rett på fri skyss.

Dersom du er delkurselev har du rett til skyss på lik line med heilkurselevar.

## KVA ER EIT SKYSSKORT?

Skysskort er eit verdikort som gir deg rett til å reise gratis til og frå skulen.

## KORLEIS FÅR EG SKYSSKORT?

Søknadsskjema for skuleskyss får du anten tilsendt frå skulen eller ved å vende deg til skulen. Ver nøye med å fylle ut søknadsskjemaet slik at opplysningane på skysskortet vert rette. Skulen stadfestar at du har minst 6 km gangavstand mellom bustad og skule, eventuelt 4 km mellom bustad og skyssmiddel.

Søknadsfristen er 1. september.

Skysskort får du utlevert på skulen. **Ta med passfoto første skuleveka.**

## VIS SKYSSKORTET UOPPFORDRA TIL BUSSJÅFØREN

Dersom du ikkje har med skysskortet skal du betale vanleg billett.

## MISBRUK AV KORT

Det er ikkje lov å nytte andre sitt skysskort. Misbrukte kort vert dregne inn og du må betale ein straffetakst tilsvarande det doble av billetten, men minimum kr 100. Saka vert meldt til politiet.

## KAN EG REISE UTANOM VANLEG SKULETID?

Ja, det kan du – Sogn og Fjordane fylkeskommune innfører frå hausten 2007 ei prøveordning med fleksibel skuleskyss. Du kan då nytte den bussen du vil **heim** frå skulen. Fleksibel skuleskyss er avgrensa til ei dagleg heimreise kvar skuledag. Nokre av ekspressbussane er unnateke ordninga.

## KAN EG KØYRE SJØLV TIL SKULEN?

Dersom du har rett på skuleskyss, men ikkje har tilbod om offentleg skyss - ta kontakt med skulen så snart skuleåret tek til for å få søknadsskjema og orientering om dei reglane som gjeld for privat skyss.

Du må søkje og få godkjenning frå fylkeskommunen for å få godtgjering for privat skyss. Ved privat skyss vert det refundert reiseutgifter etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling, for tida kr 1,70 pr km.

Søknadsfristen er 1. september.

## KAN EG FÅ SKYSS I SAMBAND MED UTPLASSERING?

Dersom du har meir enn 6 km gangavstand mellom bustad og utplasseringsstad, eventuelt 4 km mellom bustad og skyssmiddel, kan du få dekka utgifter til skyss i den tida du har utplassering som er obligatorisk.

Søknadsskjema for dekking av reiseutgifter får du på skulen. Utfylt skjema leverer du på skulen som sender det vidare til fylkeskommunen for godkjenning og eventuelt utbetaling.

NB! Ta vare på alle billetter og kvitteringar for ferje, bom og liknande. Berre dokumenterte utgifter vert dekka.

Kjøp av ungdomskort eller bruk av drosje vert ikkje dekka. Det vert ikkje gjeve stønad til bruk av eigen bil dersom det er råd å bruke rutegående skyssmiddel.

Fylkeskommunen refunderer som hovudregel ikkje reiseutgifter til elevar som er utplassert utanom fylket.

## KVA GJER EG DERSOM EG TRENG SPESIALSKYSS?

Dersom du treng spesialskyss på grunn av varig funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom må du levere legeattest på skulen.

Av legeattesten må det gå fram kva slags skyssbehov du har (kan bruke buss/må reise i bil). Dersom det er uråd å bruke buss kan skulen rekvirere drosjeskyss.

## KVA MED VENTETID?

Du kan verte pålagt samla ventetid på 1½ time pr dag, men ikkje meir enn ein ½ time om morgonen.